

Tese, 15.2.2017:

**«VISS VI DEKKAR EIT LANGBORD I VERDA,  
KAN ALLE BLI METTE»**

*Av Kirkens Nødhjelp v/Gunnar Kartveit*

Teikneserien Peanuts – Knøttene på norsk – har ei stripe der Sofie kjem til hundehuset der Snoopy ligg på taket og søv. Lett oppgitt seier ho: «Du har det lett. Du gjer ikkje noko anna enn å eta og sova. Korleis ville verda sett ut viss alle berre åt og sov?» Og Snoopy svara: «Då ville alle vore mette og utkvilte.»

Og dermed har me vel fått dagens svar?

Umiddelbart kjenner mange av oss att bordverset Vidar Kristensen har skrive (ein sentral person i reformasjonsmarkeringa her i Norge)

Herre, di jord, ho ber mat nok for alle  
Takk for den delen du vil vi skal få  
Lær oss å dekke eit langbord i verda  
Som alle kan reise seg mette frå.

Men tanken er langt eldre. For i Ps 24, 1 les me:

*«Jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til,  
verda og dei som bur der, er hans.»*

Dette er teke inn som ei av bønene som kan brukast i gudstenesta vår, etter takkofferet:

*Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. (K eller L |) Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.*

Eg ser for meg ein stor bolle, eller eit fat, der alle ressursane på jorda er samla, og der alle menneske kan koma og forsyna seg. Ressursane er gjevne oss av Gud, og ingen har meir rett enn andre til å forsyna seg.

Viktig spørsmål: Finst det mat nok til alle, slik at det er mogleg å metta alle?

Svaret er ja. Ifg Verdas matvareprogram er det mat nok til 12 milliardar menneske. Og dei seier at det er nok mat, og det er nok næringsrik mat.

Likevel er det svolt. Det finst litt ulike tal på kor mange som svelt, m.a. avhengig av definisjonen av sveltande. Dessutan er dette i mange høve menneske som ikkje stiller først i rekkja av dei det er lønsomt å telja. Men ein stad mellom  $\frac{3}{4}$  milliard og 1 milliard ligg truleg talet. Altså mellom 1 av 10 og 1 av 7 menneske på jorda.

Og *der* er eitt av svara på kvifor så mange svelt. Lønsemd. Dvs lønsemd for kven? For ting tyder på at investering i mat og vatn har mykje til felles. Og når det gjeld reint vatn er det slik at ved å investera 1 krone får fellesskapet att 8 kroner i gjennomsnitt. 8 kroner i gjennomsnitt. For fellesskapet, altså. Men ikkje alltid umiddelbart for dei som har høve til å investera.

Går det i det heile an å dekkja eit langbord som alle kan setja seg ned ved? Ja, eit slikt bord – der me alle kan sitja nokolunde normalt og på begge sider av bordet, ville blitt ca 1,7 mill km langt. Dvs det er berre så vidt det har teoretisk interesse.

Men la oss likevel tenkja oss at me sette oss ned ved same bordet. Kva ville me oppnådd med det? «kva viss?» Det er ei nyttig øving – .

Noko av det første me ville oppleva, var blikk. Me ville møta ansikt, og me ville møta blikk. Og det er alltid ei gåve. For blikk fortel mykje. Difor seier eg at me ville oppleva dei, ikkje berre sjå dei.

Det ville gjeve svar på eitt av spørsmåla som blir reist rett som det er: Er det rettferdig at alle kan forsyna seg frå det same

bordet? Skulle ikkje einkvar få etter innsats? Når du møter eit blikk, ser eit medmenneske, vil spørsmålet om rettferd lett missa si kraft og falla til jorda. Viss nokon har vore ute for ei ulukke, startar me ikkje avhøyr om kven dei er, kva dei trur på, kvar dei kjem frå eller kvifor dei er *her*. Dei får hjelp fordi dei er menneske.

Men kva med kriminelle?

Litt etter 11. sept, 2001 starta eg på å laga ei novelle i tankane mine. Eg kom aldri lenger enn til starten, men den var slik: «I natt eg drøymde noko som eg aldri har drøymt før. Eg drøymde at eg sat til bords med nokon, og spurde ein av dei som sat der: Kva heiter du? Eg heiter Osama, sa han. Eg kjem frå Riyad i Saudi-Arabia der eg vaks opp ilag med familien min. Far min hadde over femti born, og det var kjekt, for me hadde alltid nokon å leika med.»

Om lag så langt kom eg med novella. Bakgrunnen var nok Bush sin omtale av vondskapens akse som delte verda i vonde og gode. Etter kvart vart me kjende med Erik Hillestad sitt arbeid med «voggesongar frå vondskapens akse.» Også bin Laden var ein gong eit barn og hadde familie og andre som var glad i han, og vise versa.

Mat er ein menneskerett, og det kristne menneskesynet gjer ikkje skil på folk.

Vidare ville me opplevd at viss nokon et mykje, er det lite att til andre. Dvs at nokon må redusera sitt forbruk for at andre skal få nok. Og eg for min del er ikkje i tvil om at eg er mellom dei som må redusera forbruket mitt. For sjølv om eg prøver å leva nøkternt, er eg del av eit forbruksmønster som lever på bekostning av andre.

For det tredje ville dei mange som i dag ikkje kan vera med og byggja samfunnet pga svolt og underernæring, kunna vore aktive samfunnsbyggjarar. Ein studie frå Guatemala viste at born som fekk næringsrik mat før dei fylte 3 år, vaks opp og fekk løn som var 46 % høgare enn kontrollgruppa.

Og for det fjerde ville mange krigar og konflikter vore unødvendige. For kjenner ein seg sett, treng ein ikkje føreta kriminelle handlingar, eller gå til krig for at andre skal sjå ein. Og ein treng ikkje kjempa seg til rettar ein har og kan gjera seg nytte av.

MEN: Viss me ikkje kan samlast rundt eit verkeleg langbord, kva då? Eit virtuelt bord? Me er etter kvart vane med virtuelle løysingar: Me kan ha møte utan å møtast, me kan chatta utan å snakkast, og me sender virtuelle smil og klemmar til kvarandre. Så kvifor ikkje like godt eit virtuelt bord?

Eg trur løysinga ligg ein stad mellom eit ekte og eit virtuelt bord. Løysinga er neppe spesielt original, men virkningsfull.

I 2008 lanserte Kirkens Nødhjelp ein rapport om gruvedrift i Tanzania. Rapporten heitte «A golden opportunity», og fortalde korleis særleg to utanlandske selskap plyndra Tanzania ved å grava etter gull og ta 95 % av verdien med seg ut av landet. Då rapporten vart lansert, var eit 40-tals menneske frå Åsane menighet på tur til Tanzania, og fekk presentert rapporten. Og dei fekk også vita at det norske Oljefondet hadde aksjar i begge dei to gruveselskapa. Ein av pensjonistane i gruppa seier: «Eg kan ikkje reisa heim og vita at noko av pensjonen min kjem frå gruvene i Tanzania.» og i tråd med det som elles skjedde i Bergen på den tida, løfta han fram at «GULLET SKA HEM. HEM TE TANZANIA!» Dei fekk media på bana då dei kom heim, og saman med m.a. Kirkens Nødhjelp bidrog dei til at Oljefondet trekte seg ut av det eine gruveselskapet.

**Dét er å dekkja eit langbord i verda.** Ikkje halda fram med plyndringa av Afrika eller andre kontinent, men la dei bruka dei ressursane som finst i landet til mat, vatn, skule, helse, infrastruktur. Det nyttar å engasjera seg!

Ein annan måte me alle har tilgjengeleg, er Fair Trade. Mange varer finst i butikkhyllene, og det undrar meg kor vanskeleg det er til å få folk til å bruka det langt, langt meir.

Ein tredje metode – som også Kirkens Nødhjelp tok initiativ til - heiter «Initiativ for etisk handel». Dei ser til at skjortene våre og ei lang rekkje andre produkt blir produserte og transporterte på ein måte som sikrar arbeidarane ei orn'tleg løn og trygge arbeidsforhold. Eit breidt spekter av norske bedrifter er medlemer der.

FN har vedteke 17 berekraftsmål for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan år 2030. Norge skal ta sin del, men det står att å laga ein plan for korleis vår del skal takast. Difor inviterer KN i år ungdom og vaksne til å be regjeringa om å laga ein plan. Det gjer me ved å skriva under bakpå desse lappane.

I 2. Mosebok 16 les me om Israelsfolket som fekk brød frå himmelen, og fekk beskjed frå Moses om å sankta så mykje som dei trong til kvar dag, men ikkje la det vera noko att til neste morgon. Men somme let det vera noko att til neste morgon, dei sankta altså meir enn dei hadde bruk for. Då står det noko som eg synest er ein ubehageleg tanke: Det gjekk makk i det, og det stinka. Gjeld det også det som eg har sankta meir enn eg treng?

Heilt til slutt: Høna og grisen som skulle eta frukost ilag. Og grisen sa: Kva vil du føreslå? La oss ta egg og bacon, seier høna. (Resten må eg ta på engelsk:) To you, that is a contribution. To me it's commitment.

Takk!